

Sprek hundreåring vart hylla

08.05.2010



Reidar Myklebust heldt appell medan helselagsdamene steikte sunne vaflar. (Foto: Ola Matti Mathisen)

I dag er det 100 år sidan Nasjonalforeningen for folkehelsen vart starta og jubileet vart skikkeleg markert no i føremiddag også i Uskedalen - utanfor SPAR.

Det var naturleg ettersom bygda vår heilt siden 1917 har hatt ein svært aktiv avleggar av den landsomfattande foreningen.

Helselaget gjer framleis ein imponerande innsats og vart varmt hylla av professor i anatomi Reidar Myklebust, som heldt appellen for dagen.



Skulemusikken imponerte igjen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det var ikkje minst tuberkulosen som utløyste stiftinga av Nasjonalforeningen, som i dei første åra også tok eit krafttak med utdanning av helsepersonell. Etter kvart kom mellom andre hjartesjuldommene meir inn i biletetog for 20 år sidan fekk foreningen demens som oppgåve.

Myklebust streka under at det vil bli ein stor demensauke i åra som kjem og dette vil ikkje minst krevja mykje av dei pårørande. Men også livsstilsjukdommene dominar stadig meir.

Appell-haldaren hylla damene i helselaget for eit fantastisk arbeid, og meldte seg spontant inn i helselaget etter å ha fått ja på spørsmålet om det også er ope for menn!

Eit viktig innslag i markeringa var opningstonane til skulemusikken, der ikkje minst Vegard Døssland let seg høyra med svingande Vamp-taktar. Trioen Marta Bakke, Inger Moberg og Berit Harriet Døssland produserte sunne og gode gratisvaflar på løpende band og folk var rause med å fylle bøssa med midlar til fornøyda helslagsinnsats.

Av Ola Matti Mathisen